



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 15/319 - 17/1114

Saksbehandlar:
Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:
27.01.2017

Sluttrapportering skjønsmidler - prosjekt kartlegging av friluftsområde i Radøy, Austrheim og Meland kommunar

Om prosjektet:

Namn på prosjekt:

Kartlegging av friluftsområde i Radøy, Austrheim og Meland kommunar

Kommune:

Radøy

Kontaktperson/prosjektansvarleg:

Bente K. Hervik

E-postadresse:

bente.hervik@radoy.kommune.no

Evt. andre kommuner som deltok:

Austrheim og Meland

Tilskot:

180 000

Kort om prosjektet/ tiltaket:

Kartlegging og verdisetting av friluftslivsområder ei fagleg basert kartlegging og verdisetjing av areal for friluftsområde i kommunane basert Miljøverndirektoratet sin rettleiar. *Kartlegging og verdisetting av friluftsområder (M98-2013)*. Prosjektet har resultatet i eit kart med oversyn over friluftsområda og tilhøyrande dokument der områda er skildra og verdisett. Kartlegginga er lagt ut i Naturbase. Prosjektperioden var frå juni 2015-august 2016.

Det har vore eit tett samarbeid mellom kommunane, både når det gjeld erfaringsutveksling, kompetanseheving og samarbeid om ein del av oppgåvene. Prosjektet vart starta opp i 2015 og vart avslutta til sommaren 2016.

Organisering, erfaringar og måloppnåing

Organisering

Radøy, Austrheim og Meland kommunar har hatt felles prosjektleiar, som er tilsett i Bergen og omland friluftsråd (BOF). Kvar av kommunane har i tillegg kvar sin lokale koordinator som er tilsett i kommunane og ei faggruppe som arbeider med kartlegginga. Koordinatorane i kommunane har hatt jamlege møte saman med felles prosjektleiar og tett kontakt gjennom heile prosessen.

Mål – forventningar

Konkrete mål med prosjektet var:

- Å få betre oversikt over areal for friluftsliv i kommunane, med vekt på kvardagsfriluftslivet.
- Verdisetja areal for friluftsliv i kommunane.
- Identifisera aktuelle areal for sikring til friluftsmål

Dette skal vidare vera grunnlag for:

- Betre kommunal forvaltning av friluftsområda i kommunane.
- Vidareutvikling av friluftsområda i kommunane.
- Auka kjennskap til og medvit om friluftsområda i kommunane.
- Sikring av viktige friluftsområde for framtida.

Erfaringar og måloppnåing

Me har gjennom dette arbeidet fått ei mykje betre oversikt over friluftsområda og bruken av desse. Når ein får ei slik oversikt ser ein i større grad kva for verdiar som skal forvaltast og ein er betre rusta til å ta omsyn til friluftinteressene i kommunal sakshansaming og planlegging. Gevinsten av å jobba tre kommunar i lag er stor, ikkje minst med tanke på kompetanseheving og erfaringsutveksling. Samarbeidet har også rasjonalisert arbeidet.

Arbeidet har vore meir omfattande enn me først såg for oss, men ved hjelp av ein god prosjektleiar har arbeidet likevel vorte fullført som planlagt og utan store forseinkingar. Me har ikkje støtt på uventa problem eller utfordringar.

Med helsing

Anne Dahle Austrheim
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Rapport - Austrheim

Rapport - Meland

Rapport - Radøy

Rekneskap skjønsmidler

Timeliste - skjønsmidler - Austrheim

Timeliste - skjønsmidler - Meland

Timeliste - skjønsmidler - Radøy

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN